



NOME KOMMUNE ETAT FOR SAMMFUNNSUTVIKLING
Ringsevja 30
3830 Ulefoss

Sakshandsamar::
Malen Kårstad

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Søvitt reinseanlegg

Kontrollnummer: 2023.202.I.SFVT

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Silje Haugane (avdelingsleiar veg, vatn og avlaup)

Andre deltakarar frå verksemda:

Per Varøy (avdelingsingeniør)
Cato Isaksen (leidningsnett)
Knut Kikut (driftsoperatør)

Frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:
Malen Kårstad

Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:
Tor Fredrik Holth

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Søvitt reinseanlegg den 22. mars 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark avdekka 3 avvik og ga 2 merknadar under inspeksjonen.

Avvik:

- Kommunen har ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk.
- Kommunen har ikkje oppdatert miljørisikoanalyse og tilhøyrande tiltaksplan.
- Kommunen manglar rutine på regelmessig kontroll og gjennomgang av utsleppsløyvet.

Merknader:

- Kommunen kan forbetre bruk av avvikssystem og registrering av avvik.
- Kalibrering av vassmengdemålarane bør gjennomførast regelmessig.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

13.04.2023	Malen Kårstad	Siv Hege Wang Grøvo
Dato	kontrollør	fagsjef
	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NOME KOMMUNE ETAT FOR SAMMFUNNSUTVIKLING	
Organisasjonsnr.: 974640864	Eigd av:
Bransjenr. (NACE-kode): 84.130 - Offentlig administrasjon tilknyttet næringsvirksomhet og arbeidsmarked	

Kontrollert eining

Namn: Søvitt reinseanlegg	Anleggsnr.: 3816.0018.01
Kommune: Nome	Fylke: Vestfold og Telemark
Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 20. desember 2013	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn for i år.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Gjeldande utsleppsløyve
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til vatn

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Søvitt reinseanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at Søvitt reinseanlegg innan **26.06.2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvtpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark v/Malen Kårstad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 7. mars 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk må Søvitt reinseanlegg betale eit gebyr på kr 30 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (jf. offentleglova) og på norskeutslipp.no.

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Kommunen har ikkje oppdatert oversikt over tettbygde strøk.

Avvik frå:

Utsleppsløyvet 2013.044.T, vilkår 1.1

Kommentarar:

Kommunen er i gang med arbeidet med å lage oversikt over tettbygde strøk, men kunne ikkje vise til oppdatert oversikt over arealet og storleiken til tettbygde strøk. Ved utviding og utbygging av tettbygde strøk skal kommunen oppdatere oversikt over utbreiinga og storleiken på tettbygde strøk.

Dersom kommunen har spørsmål til dette temaet viser vi til brev sendt ut 02.03.2023 frå Statsforvaltaren med tittel «Ber om oppdatert informasjon om tettbebyggelser og oversikt over avløpsanlegg».

Avvik 2

Kommunen har ikkje oppdatert miljørisikoanalyse og tilhøyrande tiltaksplan.

Avvik frå:

- Utsleppsløyvet 2013.044.T, vilkår 2.2
- Utsleppsløyvet 2013.044.T, vilkår 2.3.1

Kommentarar:

Kommunen oversendte ein ROS – analyse datert til 2011, og denne har ikkje blitt oppdatert sidan den gong. Søvitt reinseanlegg blei oppgradert i 2013, og det vart ikkje utarbeida ny ROS – analyse som gjaldt nytt anlegg. Risikovurderingar skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endring.

Samstundes kunne ikkje kommunen vise til ein tiltaksplan der ROS – analysen ligg til grunn for tiltak. Behov for tiltak som avdekkast gjennom oppdatere risikovurderingar, skal gå fram av ein tiltaksplan. Ein tiltaksplan skal også oppdaterast jamleg slik at den samsvarar med ROS – analysen.

Kommunen har ikkje følgt opp tidfesta saneringsplan og tempoplan. Dette er planer som skal syne kva områder som er prioritert i høve til tilknytning og separering av felles avlaups – og overvassleidningar. Områda som skal sanerast er delt inn i soner der kommunen har lista opp kva år dei skulle utføre tiltaka. Ulempa med å tidfeste ein tempoplan gjer at kommunen har mindre handlingsrom, til dømes ovanfor upårekna hendingar som kan føre til stans eller forseinking i saneringsarbeidet. Det fører til at kommunen ikkje klarar å overhalde tidsfristar. Oppdatert ROS – analyse og tiltaksplan kan danne grunnlag for endring av utsleppsløyvet ettersom den tidfesta tempoplanen er utdatert.

Avvik 3

Kommunen manglar rutine på regelmessig kontroll og gjennomgang av utsleppsløyvet.

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 1.ledd nr. 7
- Forureiningsforskrifta §14-14
- Utsleppsløyvet 2013.044.T, villkår 6.2

Kommentar:

Driftsassistansen vurderer analyseresultatene og oppdaterer prøvetakingsplanen ved behov. Kommunen har ikke skriftlig rutine for sjekk/kontroll av analyseresultatene opp mot krav i utslippsløypet. Dette har ført til at kommunen blant annet ikke fanger opp 100 % overskridning av reinsekrav som er meldepliktig til Statsforvaltaren. Kommunen skal iverksette rutiner for å avdekke, rette opp og førebygge overskridingar av krav fastsett i utslippsløypet.

7. Merknader

Vi går følgende merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Kommunen kan forbedre bruk av avvikssystem og registrering av avvik.

Kommentarar:

Nome kommune innførte digitalt avvikssystem i 2022, men har fram til no brukt systemet i liten grad. Kommunen bør forbedre bruken av avvikssystemet sitt, samt bevisstgjere tilsette om kva som er sett på som avvik og registrere dette i systemet.

Merknad 2

Kalibrering av vassmengdemålarane bør gjennomførast regelmessig.

Kommentarar:

Kalibrering av vassmengdemålarane blei utført då dei blei installert for over 10 år sidan. Kommunen bør undersøke med leverandør om vassmengdemålarane skal regelmessig kalibrerast. Dersom det er behov for regelmessig kalibrering av vassmengdemålarane bør dette kome fram i ein internkontroll.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Inndeling til ROS-analyse Søvitt RA
- ROS-Søvitt
- ROS-analyse AP og ledningsnett